

Saksbehandlar: Johannes Tubbene, Statens vegvesen  
Sak nr.: 18/408-1

## Tildeling av Fylkeskommunale trafiktryggingsmidlar - FTU-midlar 2018

### Fylkesdirektøren rår fylkestrafikktryggingsutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Løyving på kr. 700 000.- til «Fylkeskommunale trafiktryggingsmidlar» for 2018 vert fordelt slik:

<b>Nr.:</b>	<b>Søklar/mottakar:</b>	<b>Tilskot FTU-midlar:</b>
1	Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane	45 000.-
2	Sogn og Fjordane fotballkrets	80 000.-
3	Trygg Trafikk	255 000.-
4	Stryn vidaregåande skule	39 000.-
5	Høyanger vidaregåande skule	15 000.-
6	Årdal kommune	40 000.-
7	Sogn og Fjordane avd. MA-rusfri trafikk	54 500.-
8	Firda vidaregåande skule	25 000.-
9	Måløy vidaregåande skule	69 000.-
10	Årdal Sportsskyttarlag	25 000.-
11	Stårheim Idrettslag	0.-
	FTU (Innkjøp av virtuelle hjelpemiddel i sjåfør opplæringa)	52 500.-
	<b>SUM</b>	<b>700 000.-</b>

2. Tiltak som får tilskot frå «Fylkeskommunale trafiktryggingsmidlar» 2018, skal ferdigmeldast snarast etter at tiltaka er avslutta, seinast 30. november 2018.
3. Ferdigmeldinga skal innehalde spesifisert rekneskap for tiltaka og ei oppsummering av gjennomføringa.
4. Midlar som ikkje vert nytta går attende til fylkeskommunen.

### **Vedlegg:**

**Andre relevante dokument i saka:**

- Søknadane
- Instruks for forvaltning av FTU-midlar
- Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging 2018-2021

**SAKSFRAMSTILLING****1. Samandrag**

Etter Vegtrafikklova § 40a har fylkeskommunen eit ansvar for å tilrå og samordne tiltak som fremjar trafikktryggingsarbeidet i fylket. På budsjettet for 2018 er det løyvd kr. 700 000,- til gjennomføring av trafikktryggingstiltak gjennom tilskotsordninga «Fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar» (FTU-midlar).

I desember 2017 vedtok fylkestinget fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging 2018-2021. Planen har følgjande 4 tematiske satsingsområde: Sikringsutstyr, rusførebygging, trafikksikker kommune og trafikkåtfærd.

Det er motteke 11 søknader. Samla søknadssum er kr. 1 247 500,-

Etter Statens vegvesen si vurdering er det ein søknad som ikkje stettar føremålet i instruksen med tanke på tilskot. Dette gjeld søknaden frå Stårheim idrettslag om stønad på kr. 600 000,- til etablering av rulleskiløype. Bygging av rulleskiløype er eit større fysisk tiltak, og fell av den grunn utanfor tilskotsordninga.

**2. Bakgrunn for saka**Grunnen for at saka er fremja

Vegtrafikklova § 40a pålegg fylkeskommunen eit ansvar med å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggingsarbeidet i fylket. Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) er sentralt i dette arbeidet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har for 2018 løyvt kr. 700 000 til gjennomføring av trafikktryggingstiltak gjennom tilskotsordninga «Fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar» (FTU-midlar).

Tilskotsordninga vart gjort kjent gjennom annonse i fylkesavisene i oktober, og lagt ut på fylkeskommunen si heimeside. Søknadsfristen var 20. november 2017.

Mandat

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) er ansvarleg for fordeling av FTU-midlane. Statens vegvesen er sekretariat for FTU, og har teke i mot søknadane.

Instruks for forvaltning av fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin «Instruks for forvaltning av fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar», er lagt til grunn ved innstilling. Instruksens **punkt 1. Formål med og målgruppe for ordninga**, seier følgjande:

«Ordninga gjeld tilskot til gjennomføring av tiltak/prosjekt som fremjar trafikktryggleiken i fylket. Midlane skal i utgangspunktet nyttast til tiltak innanfor:

- a) Haldningsskapande arbeid
- b) Opplæring
- c) Informasjon

Midlane kan og nyttast til mindre fysiske tiltak særskilt retta mot mjuke trafikantar eller til andre tiltak som FTU ønskjer å støtta.»

Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging

I desember 2017 vedtok fylkestinget handlingsplan for trafikktrygging 2018-2021. Planen har følgjande 4 tematiske satsingsområde med tilhøyrande målgruppe:

Satsingsområde	Målgruppe
----------------	-----------

1. Sikringsutstyr	Foreldre, ungdom og eldre
2. Rusførebygging	Ungdom, foreldre, eldre
3. Trafikksikker kommune	Kommunane
4. Trafikkåtferd	Barn, ungdom og vaksne bilførarar

Kvart av satsingsområda inneheld *mål, strategi* og (del-)tiltak.

### **3. Søknader – framlegg til tilskot - kommentarar**

Det er motteke 11 søknader. Samla søknadssum er kr. 1 247 500.

Etter Statens vegvesen si vurdering er det ein søknad som ikkje stettar føremålet i instruksen med tanke på tilskot. Dette gjeld søknaden frå Stårheim idrettslag om stønad på kr. 600 000 til etablering av rulleskiløype. Bygging av rulleskiløype er eit større fysisk tiltak, og fell av den grunn utanfor tilskotsordninga.

#### **SØKNADAR:**

##### **1. Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane**

Tiltak: Gjennomføring av kurs «Bilfører 65+»

«Bilfører 65+» er eit samarbeidsprosjekt mellom vegvesenet og pensjonistforbundet. Pengane vil gå til å yte eit administrasjonstilskot til lokallaga i pensjonistforbundet på kr. 3 000.- pr. kurs. I alt er det planlagt 15 stk. kurs. Kostnad: 15 kurs à kr. 3 000.- = kr. 45 000.-

**Søknadssum: kr. 45 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 45 000.-**

#### **Kommentar:**

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde «TRAFIKKÅTFERD» pkt. 7.1.1 tiltak nr.1: «*Trafikkurs/ oppfriskingskurs for å gje meir kunnskap og tryggleik hjå eldre bilførarar.*»

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

##### **2. Sogn og Fjordane fotballkrets**

Tiltak: Diverse trafikktryggingstiltak

Diverse PR-tiltak, enkelttiltak og varig haldningsskapande tiltak. I samband med miniputtturneringar: Trygg parkering, div. TS-tiltak/konkurransar. I samband med obosligakampar: TS-fokus som «bruk av bilbelte», «køyr varsomt» m.m. (Bodskap på storskjerm).

Ved sertifisering av «Trafikksikker klubb»: Tilskot kr. 5 000.- pr. klubb.

Tilskot vil dekke utgifter til arbeid, reiser, materiell, profilering, reklame og utstyr.

**Søknadssum: kr. 80 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 80 000.-**

#### *Kommentar:*

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde SIKRINGSUTSTYR pkt. 4.1.1 tiltak nr. 1: «*Bilbelte*», og satsingsområde «TRAFIKKÅTFERD» pkt. 7.1.1 tiltak nr. 2: «*Kampanjar*».

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

##### **3. Trygg Trafikk**

Tiltak 1: Trafikksikker kommune/skule/barnehage

Motivere kommunar til å gå inn for å bli godkjende som «Trafikksikker kommune», «Trafikksikker skule», «Trafikksikker Barnehage». Yte tilskot til skular/barnehagar til innkjøp div. materiell og utstyr.

**Søknadssum: kr. 80 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 80 000.-**

*Kommentar:*

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde TRAFIKKSIKKER KOMMUNE pkt. 6.1.1 tiltak nr. 1: «*Workshopmøter*», tiltak nr. 2: «*Godkjenningsmøter*», punkt. 6.1.2 tiltak nr. 1: «*Workshopmøte med barnehagar som vil bli godkjende som Trafikksikre barnehagar*» og tiltak nr. 2: «*Workshopmøte med skular som vil bli godkjende som Trafikksikre skular*».

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

Tiltak 2: Trafikkurs barnehagetilsette m.m.

Arrangere kurs for tilsette i barnehagane. Prioritet «Trafikksikre Barnehagar». Arrangere kurs for studentane på førskulelina ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Arrangere etterutdanningskurs for dei som jobbar i barnehagane.

**Søknadssum: kr. 45 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 45 000.-**

*Kommentar:*

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde TRAFIKKSIKKER KOMMUNE pkt. 6.1.2 tiltak nr. 3: «*Trafikkurs/ kompetansekurs*».

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

Tiltak 3: Gåopplæring/skulestart

«Gåopplærings»-materiell til elevane. Innkjøp av skulestart-materiell til foreldra og skulane.

**Søknadssum: kr. 10 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 10 000.-**

*Kommentar:*

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde TRAFIKKÅTFERD pkt. 7.1.2 tiltak nr. 3: «*Gå-opplæring/buss opplæring ved skulestart*». (Punktet er omtala under overskrift «*Langsiktige opplæringstiltak ....*» på s. 19 i handlingsplanen.)

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

Tiltak 4: Sykkelopplæring/nettverkssamling, m.m.:

I samband med innføring av kunnskapsløftet, er det laga nytt undervisningsmateriell til mellomsteget i grunnskulen. Innkjøp av demonstrasjonsmateriell til skulane og studentane ved høgskulen, samt sykkelkurs for lærarar.

**Søknadssum: kr. 20 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 20 000.-**

*Kommentar:*

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde TRAFIKKÅTFERD pkt. 7.1.2 tiltak nr. 1: «*Barnehagepersonell. Studentar på høgskulen førskulelina (BLU)*» og tiltak nr. 2: «*Lærarar i grunnskulen, studentar på grunnskulelærarutdanninga ved høgskulen (GLU)*». (Begge punkta er omtala under overskrift «*Langsiktige opplæringstiltak ....*» på s. 19 i handlingsplanen.)

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

Tiltak 5: Reflekskonkurranse

Lage reflekskonkurranse i grunnskulen. Målet er å få elevane til å finne fram refleksar i heimane frå jakker, skuffer og skap. Premiering til deltakande klasser. Arrangere reflekskonkurranse for miniputtar i samarbeid med Sogn og Fjordane fotballkrets.

**Søknadssum: kr. 10 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 10 000.-**

*Kommentar:*

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde SIKRINGSUTSTYR pkt. 4.1.1 tiltak nr. 2: «*Utdeling av refleks, fotgjengarrefleks og refleksvest*».

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

Tiltak 6: Refleksdagen/tema refleks oktober 2018

Innkjøp av refleksar. Planlegge å koordinere dagen. Ha refleksar til pedagogiske opplegg; Skular, barnehagar, organisasjonar, m.m.

**Søknadssum: kr. 30 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 30 000.-**

*Kommentar:*

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde SIKRINGSUTSTYR pkt. 4.1.1 tiltak nr. 2: «*Utdeling av refleks, fotgjengarrefleks og refleksvest*».

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

Tiltak 7: Trafikkopplæring 1. – 7. trinn

Arrangere nettverksamlingar for lærarar. Arrangere kurs for studentar på lærarutdanninga. Bruke Trygg Trafikk ambassadør og Trafikksikre skular.

**Søknadssum: kr. 30 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 30 000.-**

*Kommentar:*

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde TRAFIKKÅTFERD pkt. 7.1.2 tiltak nr. 1: «*Barnehagepersonell. Studentar på høgskulen førskulelina (BLU)*» og tiltak nr. 2: «*Lærarar i grunnskulen, studentar på grunnskulelærarutdanninga ved høgskulen (GLU)*». (Begge punkta er omtala under overskrift «*Langsiktige opplæringstiltak ....*» på s. 19 i handlingsplanen.)

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

Tiltak 8: Trafikkopplæring 8. – 10. trinn

Arrangere nettverksamling for lærarar i ungdomsskulen trafikk valfag/Trafikalt Grunnkurs. Gje økonomisk støtte til to nye lærarar for TG godkjenning à kr 10 500.-

**Søknadssum: kr. 30 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 30 000.-**

*Kommentar:*

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde TRAFIKKÅTFERD pkt. 7.1.2 tiltak nr. 1: «*Barnehagepersonell. Studentar på høgskulen førskulelina (BLU)*» og tiltak nr. 2: «*Lærarar i grunnskulen, studentar på grunnskulelærarutdanninga ved høgskulen (GLU)*». (Begge punkta er omtala under overskrift «*Langsiktige opplæringstiltak ....*» på s. 19 i handlingsplanen.)

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

(Sum Trygg Trafikk: kr. 255 000.-)

#### 4. Stryn vidaregåande skule

Tiltak: Trafikktryggingdag

Samarbeid mellom politiet, brann, ambulanse, Trygg Trafikk, vegvesenet, helsefag (hjartestartar + førstehjelp ved ulukkesstad), samferdselsavdelinga ved SFFK og trafikkskulane i Stryn. Tilskotet vil gå til å dekke kostnadane for opplegget; Diverse utstyr, flytting av bilvrak, brannteppe, bensin diesel og sløkkjemiddel. Betale foredragshaldarar, kantinekostnader, m.m.

**Søknadssum: kr. 39 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 39 000.-**

*Kommentar:*

Ein «trafikktryggingdag» må forventast å ha tema som vedkjem fleire av tiltaka som er lista opp i fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging. Så som satsingsområde SIKRINGSUTSTYR, RUSFØREBYGGING og TRAFIKKÅTFERD. Særskilt kan nemnast satsingsområde TRAFIKANTÅTFERD punkt 7.1.1 tiltak 4: «Omsynsfull trafikkåtferd på trafikktemadagar på vidaregåande skular».

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

#### 5. Høyanger vidaregåande skule

Tiltak: Førstehjelp, trafikkulukke/brannfare, rus.

Korleis handle som første mann til ulukkestaden? Meldingsrutinar, sikring, liv-reddande førstehjelp, ulukke i tunnel, drivstofflekkasje, røykgassar, slokking av brann.

Opplæring i førstehjelp og brannslukking bil.

Rus:

Forventningar og konsekvensar. Invitasjon vegvesen, politi og Røde Kors til å snakke om forventningar og konsekvensar.

**Søknadssum: kr. 15 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 15 000.-**

*Kommentar:*

Tiltaket det søkt om tilskot til må forventast å ha tema som vedkjem fleire av tiltaka som er lista opp i fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging. Så som satsingsområde RUSFØREBYGGING og TRAFIKKÅTFERD. Særskilt kan nemnast satsingsområde TRAFIKKÅTFERD punkt 7.1.1 tiltak 4: «Omsynsfull trafikkåtferd på trafikktemadagar på vidaregåande skular».

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

#### 6. Årdal kommune/Årdal Tenk Tryggleik

Tiltak: «Prosjekt Politikameratane

Årdal Tenk Tryggleik har kvart år eit prosjekt som heiter Politikameratane. Dette er eit samarbeid med lokalt politi og konfirmantane som går over to dagar. Målet med prosjektet er at ungdommen skal få god kjennskap til politi og ÅTT sitt arbeid. Samarbeidet mellom politiet og Årdal Tenk Tryggleik har føregått i fleire år og gitt gode resultat. I tillegg til politi og ÅTT får elevar i 10. klasse god kjennskap til korleis dei andre nødetatane og frivillige organisasjonar samarbeida for å skape eit trygt lokalsamfunn.

**Søknadssum: kr. 40 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 40 000.-**

*Kommentar:*

Tiltaket det søkt om tilskot til må forventast å ha tema som vedkjem fleire av tiltaka som er lista opp i fylkeskommunal handlingsplanen trafikktrygging. Så som satsingsområde SIKRINGSUTSTYR, RUSFØREBYGGING og TRAFIKKÅTFERD.

Særskilt kan nemnast satsingsområde TRAFIKANTÅTFERD punkt 7.1.1 tiltak 3: «Omsynsfull trafikkåtferd som tema på ungdomsskulane – Trafikk valfag og Trafikalt grunnkurs».

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

## 7. Sogn og Fjordane avd. MA-rusfri trafikk

Tiltak: Innkjøp/distribusjon refleksvestar

MA besøker skolane for å setje fokus på bruk av refleks for heile lokalsamfunnet. Alle elevar i 5. klasse i fylket får utdelt refleksvest. Tilskotet vil gå til å dekke kostnader med innkjøp av refleksvestar, distribusjon av desse og andre administrasjonskostnader.

**Søknadssum: kr. 54 500.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 54 500.-**

*Kommentar:*

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde SIKRINGSUTSTYR pkt. 4.1.1 tiltak nr. 2: «Utdeling av refleks, fotgjengarrefleks og refleksvest».

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

## 8. Firda vidaregåande skule

Tiltak: Refleksdagen på Firda vidaregåande skule

Tilskot vil bli brukt til å markera dagen med å møte elevane ved skulestart med utdeling av refleks/varm saft og bollar. Og dele ut refleksvestar til alle vgs. 1 klassar.

**Søknadssum: kr. 25 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 25 000.-**

*Kommentar:*

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde SIKRINGSUTSTYR pkt. 4.1.1 tiltak nr. 2: «Utdeling av refleks, fotgjengarrefleks og refleksvest».

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

## 9. Måløy vidaregåande skule

Tiltak 1: «Å bli sett» - aksjon

Arbeid med temaet "Å bli sett". Prosjektet "Å bli sett" vil vere eit samarbeid mellom elevrådet og skulen si folkehelsegruppe. Skulen ynskjer å kjøpe inn refleksar og refleksvestar med skulen sin logo som vert delt ut til skulen sine elevar i samband med refleksens dag. Vi søker om kr. 10 000,- til å dekke utgifter med innkjøp/trykking og til utdelingsaksjonen.

**Søknadssum: kr. 10 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 10 000.-**

*Kommentar:*

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde SIKRINGSUTSTYR pkt. 4.1.1 tiltak nr. 2: «Utdeling av refleks, fotgjengarrefleks og refleksvest».

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

Tiltak 2: Trafikktrygging for russen

Tryggleik rundt russen er viktig, og vi vil ha open bilverkstad utover sein vinter/vår der vårt personale frå køyretøy vil støtte ungdom som er russ med å få sikre bilar. Dette gjeld

ikkje berre russebilar, men også vanlege bilar som russen brukar. Vi kan tenkje oss å bruke 8 kveldar på dette mellom midten av februar og slutten av april.

Informasjonskveld om rus og køyring frå politi og Statens vegvesen.

**Søknadssum: kr. 16 000.- Framlegg til tilskot: kr. 16 000.-**

*Kommentar:*

Open bilverkstad kan i liten grad knytast direkte til satsingsområda i handlingsplanen. Men tiltaket med å få trygge (godkjende) russebilar ute på vegane bidreg til auka trafikktryggleik.

Informasjonskveld om rus og køyring der politi og vegvesenet deltek må forventast å ha tema som vedkjem fleire av tiltaka som er lista opp i handlingsplanen, så som SIKRINGSUTSTYR, RUSFØREBYGGING og TRAFIKKÅTFERD.

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

Tiltak 3: Bil og ungdom/unge førarar m.m.

Dette er eit tiltak der unge sjåførar og bileigarar jobbar med å få trygge bilar på kveldstid, under oppsyn av fagkunnige personar på skulen. Vi ser at fleire ungdommar kjøper gamle/eldre bilar og då kan dei få dei i betre stand på desse kveldane. Hausten 2017 har vi hatt ein auke av elevar som nyttar seg av tilbodet, både ved Måløy vgs. og Fagskulen i S&F avd. Måløy. Vi ynskjer å oppretthalde dette tilbodet også for hausten 2018.

**Søknadssum: kr. 20 000.- Framlegg til tilskot: kr. 20 000.-**

*Kommentar:*

Tiltaket kan i liten grad knytast direkte til satsingsområda i fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging. Men tiltaket med å få trygge (godkjende) køyretøy ute på vegane bidreg til auka trafikktryggleik.

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

Tiltak 4: Open verkstad for mopedegarar

Vi vil satse på å ha 4 kveldar open kveld/verkstad i samarbeid med faglærarar. Med dette vil vi prøve å få tryggare mopedar på vegane våre. Utgiftene til «Open kveld for mopedegarar»: 4 kveldar à kr. 2 000,- = kr. 8 000,-

**Søknadssum: kr. 8 000.- Framlegg til tilskot: kr. 8 000.-**

*Kommentar:*

Tiltaket kan i liten grad knytast direkte til satsingsområda i fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging. Men tiltaket med å få trygge (godkjende) mopedar ute på vegane vil bidra til auka trafikktryggleik.

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

Tiltak 5: Trafikkulykke, varsling, førstehjelp og slokking.

Korleis handle som førstemann til trafikkulykke? Gjennomføre opplæring i samarbeid med politi, Helse Vest, lokalt brannvesen, skulen sitt sikkerheitssenter og YSK, helsefagarbeidarar (Vg3 og Vg4) ved Måløy vgs. Fokus på kva ein gjer dersom ein er førstemann til ei trafikkulykke, så som meldingsrutinar, sikring, livreddande førstehjelp. Kva ein gjer dersom det lek drivstoff eller fare for lekkasje, praktisk slokking av brann.

**Søknadssum: kr. 15 000.- Framlegg til tilskot: kr. 15 000.-**



*Kommentar:*

Tiltaket det søkt om tilskot til må forventast å ha tema som vedkjem fleire av tiltaka som er lista opp i fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, så som satsingsområde SIKRINGSUTSTYR, RUSFØREBYGGING og TRAFIKANTÅTFERD.

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

(Sum Måløy vidaregåande skule: kr. 69 000.-)

**10. Årdal Sportsskyttarlag**Tiltak: Trafikktryggingsarbeid i sportsskyttarlaget

Tema: Sikring ved reiser i bil, pakking av last i bil, nulltoleranse for bruk av alkohol i samband med treningar/samlingar/konkurransar/reiser. Etablere gode haldningar m.o.t. trygg trafikk.

**Søknadssum: kr. 25 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 25 000.-**

*Kommentar:*

Tiltaket må forventast å ha tema som vedkjem fleire av tiltaka som er lista opp i fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, så som satsingsområda SIKRINGSUTSTYR, RUSFØREBYGGING og TRAFIKANTÅTFERD.

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

**11. Stårheim idrettslag**Tiltak: Etablering av rulleskiløype

Søker tilskot til etablering av rulleskiløype i tilknytning til skiskyttarstadion på Harpefossen i Eid kommune. Stårheim IL skiskyting tilbyr barn og ungdom frå heile kommunen, og tilstøytande kommunar, opplæring, trening og konkurransar innan skiskyting og langrenn. Dei siste åra har vi hatt mellom 25 og 40 aktive løparar frå 7 til 21 år. Dei er hovudsakleg frå Eid kommune, men vi har også medlemmer frå Bremanger og Gløppen. Vi har etablert skiskyttarstadion med 16 blinkar på Harpefossen, og har nettopp fått satt opp eit klubbhus, tidtakarhus og sanitæranlegg. Dette anlegget vart tatt i bruk i 2016. I samarbeid med langrennsgruppa til Haugen IL, planlegger vi no å bygge ei rulleskiløype på skiskyttar-stadion, slik at vi kan få rulleskitreningane bort frå trafikkerte vegar og inn på bilfritt område. Rulleskitreningane for våre aktive utøvarar skjer i dag på gangvegar og bilvegar rundt ikring i kommunen.

**Søknadssum: kr. 600 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 0.-**

**Kommentar:**

Då søknaden gjeld større fysisk tiltak (bygging av rulleskiløype), meiner vi tiltaket ikkje stettar formålet i instruksen. Og vi tilrår at søknaden om tilskot vert avslagen.

**OPPSTILLING SØKNADSBELØP/DISPONERING:**

Sum søknadsbeløp (søknad 1-11):	kr. 1 247 500.-
Sum framlegg til tilskot (søknad 1-11):	kr. 647 500.-
Disponibel løyving 2018:	kr. <u>700 000.-</u>
Udisponert del av løyving:	kr. <u>52 500.-</u>

**Tiltak i Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging**

Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde «TRAFIKKÅTFERD inneheld eit følgjande punkt: 7.1.3 Strategi: Bruk av virtuelle hjelpemiddel under sjåfør opplæring».

I punktet står følgjande:

«Som ein del av sjåføropplæringa bør vi ta i bruk virtuelle hjelpemiddel (til dømes VR-briller og/eller kjøresimulator) der sjåføren kan få trene på ulike situasjonar utan fare for seg sjølv og andre trafikantar. Det vil vere eit spørsmål om omfanget av slike virtuelle hjelpemiddel som bør kjøpast inn og kor dei eventuelt skal plasserast.»

#### Kommentar:

##### *VR-briller*

VR-briller (virtual reality-briller) fungerer enten som en storskjerm, der ein berre ser det som blir vist frå eit statisk punkt, eller at ein beveger deg rundt i en virtuell verden, med 360 graders synsvinkel. Den virtuelle scena/omgjevnadane kan vera film eller animasjon/grafikk, jf. Play-station. Det kan simulera til dømes bilkjøring, gåing i gangfelt, og liknande.

Etter det Statens vegvesen erfarer, m.a. ut i frå kontakt dei har hatt med SINTEF i Trondheim, så er det usikkert kva som finns på marknaden pr. i dag med omsyn til trafikkrelaterte animasjonar/grafikk. Det finns pr. i dag ikkje ferdig «hyllevare» med trafikkrelaterte animasjonar/grafikk til bruk i føraropplæringa. Dette må i tilfelle utviklast særskilt ut frå eigne definerte behov og ønsker, så som målgruppe, alder på brukarane, m.m. Det må påreknast vesentlege kostnader med å utvikle eigna animasjonar/grafikk.

##### *Promillebriller*

Promillebriller er laga for å gje ei kjensle av korleis alkohol hemmar oss, - med redusert reaksjonsevne, synsforvrenging og endring i djupne- og avstandsoppfatning. Brillene kan simulere ulik grad av promille.

Rusførebygging er eit av satsingsområda i fylkeskommunal handlingsplan. Undervisning om rus inngår i undervisninga i trafikk valfag/trafikkalt grunnkurs på ungdomsskulesteget og i vidaregåande skule. Likeeins inngår rus som tema på mange av «trafikkdagane» på vidaregåande skular. Det er allereie etablert eit nettverk/pedagogisk opplegg for trafikkundervisning i skulane. Og fleire trafikklærar har allereie ytra ønskje om tilgang til promillebriller i undervisninga.

Statens vegvesen tilrår at udisponert del av løyvinga, kr. 52 200, vert nytta av FTU til innkjøp av promillebriller til utlån til skulane, til bruk i undervisninga. Dette i tråd med punktet i handlingsplanen. Kostnaden vil venteleg vera kr. 10 000-15 000 pr. stk.

### **3. Konklusjon**

Fylkesdirektøren tilrår slik fordeling av FTU-midlane 2018:

<b>Nr.:</b>	<b>Søkjjar/mottakar:</b>	<b>Søknadssum FTU-midlar:</b>	<b>Tilskot FTU-midlar:</b>
1	Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane	45 000.-	45 000.-
2	Sogn og Fjordane fotballkrets	80 000.-	80 000.-
3	Trygg Trafikk	255 000.-	255 000.-
4	Stryn vidaregåande skule	39 000.-	39 000.-
5	Høyanger vidaregåande skule	15 000.-	15 000.-
6	Årdal kommune	40 000.-	40 000.-
7	Sogn og Fjordane avd. MA-rusfri trafikk	54 500.-	54 500.-
8	Firda vidaregåande skule	25 000.-	25 000.-
9	Måløy vidaregåande skule	69 000.-	69 000.-

10	Årdal Sportsskyttarlag	25 000.-	25 000.-
11	Stårheim Idrettslag	600 000.-	0.- (Tiltaket støttar ikkje formålet i instruksen)
	FTU (Innkjøp av virtuelle hjelpemiddel i sjåføropplæringa)		52 500.-
	<b>SUM</b>	<b>1 247 500.-</b>	<b>700 000.-</b>